



Brødretrioen heime på Døssland på juleferie. Mor Anne bak til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Anne Rørheim som bur på Døssland og gjer ein stor innsats i skulemusikken trudde ikkje at alle tre sønene hennes ville satsa på musikk. Ho trudde det ville begrensa seg til eldstemann. Men satsa på musikk har både Eirik (23), Ruben (19) og Sindre (15) med etternamnet Aksnes gjort. Dei trakterar høvesvis gitar, bass og trommar og mora legg forståeleg nok ikkje skjul på kor stolt ho er av dei.**



[Eirik i aksjon \(Foto privat\)](#)

Berre Sindre bur heime no, men alle har vore samla her til juleferie og uskedalen.no har møtt ein beskjeden trio

som ikkje slår om seg med store ord. Mor må hjelpa dei litt påglid. Så har dei da også i betydeleg grad fått musikken inn både med morsmjølka og via faren, oddingen Geir Aksnes. Anne spelar trekkspel og Geir orgel. Også faren hennes spela til dans på trekkspel og orgel.



Ruben i aksjon (Foto privat)

Anne er frå Odda og kom flyttande til Uskedalen for snart 5 år sidan saman med dei tre sønene. Allereie som 13-åring gjorde Eirik det klart at musikk ville bli livet for han medan dei to andre førebels ikkje har bestemt seg for ein slik satsing. Men dei er på godveg.



Sindre i aksjon (Foto Ola Matti Mathisen)

Dei som har høyrte Eirik slår fast at han er ein svært dyktig jazz-gitarist. No går han andre året av 4 på jazz-lina ved Stavanger Musikkonservatorium.

Eirik spelar moderne jazz i eit prosjektbasert band som han skriv alle låtane for. Men han erkjenner at det er problematisk å leva berre av å spela både i Noreg og utlandet. Det blir nok naudsynt å supplera med til dømes undervisning i tillegg til komponeringa.

Ruben er førebels usikker på om han skal satsa på musikken, men legg til at det ville vera kjekt å gjera eit slikt val. Bassisten har gått musikklinja på folkehøgskulen på Melhus og dette året skaffar han seg studiekompetanse ved ein vidaregåande skule i Trondheim for å komma vidare i musikkstudiet sitt. I fjor fekk han Odda kommune sin ungdomskulturpris.

Ruben spelar i Odda-bandet Jitney som satsar på poprock og som akkurat no er inne i ei spanande tevling i regi av Demotape: 5 finalistar kjempar om musikkutstyr til 100.000 kroner. Dei er allereie sikra konsertopptreden på sjølvaste Smuget i Oslo 22. januar. Også uskedelingar kan stemme på Odda-bandet!

Yngstemann Sindre er velkjent som talentfull trommis i skulemusikken vår, men no i år har han lagt imponerende mange alen til veksten sin med engasjementet i

Brazzooka. Dette skuleåret går han i klasse 10A ved ungdomsskulen i Rosendal.

-Det er kjempekjekt å spela, ikkje minst med Brazzooka, men eg veit ikkje no om det blir til noko meir.

Førebels må eg prioritera skulen og neste år skal eg over på ålmenfag, opplyser Sindre, som er altetande når det gjeld musikk.

- Eg trommar til kva som helst, erklærer han.

Av Ola Matti Mathisen